



Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS

Fjord'n senter
5640 EIKELANDSOSEN

Referanser:
Dykker:
Vår: 18/29 - 18/4226

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
09.02.2018

Avvist søknad om utsleppsløyve for reguleringsplanen Skinstø - gbnr 116/8, 116/61 og 116/62 m. fl. Lauvås

Tiltakshavar:

Ansvarleg søker: Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS

Type utslepp: Velg et element.

Søknadstype

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for det regulerte bustadfeltet Skinstø på gbnr 116/8, 61 og 62 m.fl. I søknaden er det opplyst at utsleppet fra eigedommen skal reinsast i minireinseanlegg av typen Biovac før utsleppet fra anlegget skal førast til kum for slamsikring og etterpolering før utsleppet vert ført til grunnen på eigedomen gbnr 116/8. Det er opplyst at anlegget skal dimensjonerast for 20 bu-einingar.

Det vert elles vist til søknad mottatt 03.01.2018.

VURDERING

Kommunen har gått gjennom søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf. forskrift om begrensning av forurensing kap 13. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

Avløpsanlegget sin dimensionerte storlek

Avløpsanlegget må dimensjonerast for den utbygginga reguleringsplanen legg opp til. Innanfor reguleringsplanen Skinstø er det opna for utbygging av 9 einebustadar med sekundærleilighet, 10 bu-einingar i område avsett til konsentrert bustadbygging og ein eksisterande bustad. I tillegg er det opna for at grunneigar på gbnr 116/8 også kan knytast til avløpsanlegget. Dette utgjer totalt 30 bu-einagnar.

Det er ikkje oppgitt i søknaden kor mange pe anlegget er dimensjonert for, men det ligg ved dokumentasjon på anlegg som viser 50 pe, dvs. eit anlegg dimensjonert for 10 bu-einingar.



Utsleppsløyve må dimensjonerast for maks belastning, i dette tilfelle full utbygging av bustadfeltet. Ei eventuell trinnvis utbygging må gjerast greie for. Vi vurderer at anlegget må dimensjonerast for meir enn 50 pe.

Avklaring av eigarforhold

Eit anlegg dimensjonert for meir enn 50 pe skal handsamast etter kap. 13 i forskrift om begrensing av forurensing. I samsvar med lov om kommunale vass- og avløpsanlegg skal desse anlegga i utgangspunktet vera eigd av kommunen. Før søknaden om utsleppsløyve kan handsamast må dette avklarast. Det er eining for teknisk drift som handsamar desse sakene. Vi rår til at de tar kontakt med dei for vidare avklaring. Søknad om utsleppsløyve kan ikkje handsamast før eigarforhold etter lov om kommunale vass- og avløpsanlegg er avklart.

Reinseløsing

Det er oppgitt i søknaden at utsleppet frå bustadfeltet skal reinsast i minireinseanlegg av typen Biovac før det skal førast til kum for slamsikring og etterpolering før det vert ført ut i grunnen på gbnr 116/8 . Vi forstår søknaden slik at avløpsvatnet skal førast til infiltrasjon i grunnen. Dette er ei løsing som berre vert godkjend dersom jordmassane på staden har tilstrekkeleg kvalitet. Dette skal dokumenterast særskild med jordprøvar, infiltrasjonstest mm. Normalt sett er ikkje jordmassane i vårt område eigna for infiltrasjon.

Administrasjonen er av den oppfatning av utsleppet frå reinseanlegget må førast til sjø.

Reinsegrad

Reinsegrad for anlegget skal dokumenterast. Anleggsdokumentasjonen som følgjer søknaden gjeld ikkje anlegget som skal etablerast. Dokumentasjon skal gjelda anlegget som det vert søkt om.

Drift og vedlikehand

Det er ikkje gjort greie for drift og vedlikehald av anlegget. Det må gjerast greie for om anlegget skal driftast i samsvar med kap 13 i forureiningsforskrifta og elles dokumenterast korleis anlegget skal driftast.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje tilstrekkeleg nabovarsla. Eigar av gbnr 116/59 (fylkesveg 415), og gbnr 116/1 må varslast.

Brukarteresser

Det må gjerast greie for om det er brukar interesser i området som vert råka, t.d. vasskjelder, badeplassar og liknande.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf forskrift om begrensing av forurening § 13-4. Søknaden vert avvist. Når søknaden er avvist vert saka avslutta.

Vi tilrår at de ved innsending av ny søknad nyttar søknadsskjema for utsleppsløyve etter kap 13 i forureiningsforskrifta som de finn på www.miljokommune.no og at søknaden vert dokumentert slik det er skildra på søknadsskjema. Det må ved innsending av ny søknad vurderast om tiltaket er i samsvar med gjeldande plangrunnlag, jf arealføremål, byggjegrense mm.

VEDTAK

Med heimel i forskrift om begrensing av forurensing § 13-4, vert søknad om utsleppsløyve for området som er omfatta av reguleringsplanen Skinstø, gbnr 116/8, 61 og 62 m. fl. avvist. Grunngjevinga går fram av vurderinga over.

Når søknaden er avvist vert saka avslutta. Ny fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon må sendast inn om søknaden skal takast til handsaming.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5.

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klagt på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknummer.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS	Fjord'n senter	5640	EIKELANDSOSEN
Gaard Eiendomsutvikling AS	Lægdene 12	5096	BERGEN
Teknisk drift			

Mottakarar:

Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS	Fjord'n senter	5640	EIKELANDSOSEN
---------------------------------------	----------------	------	---------------